

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.09.2019**

**Aud Karin Oen (SV)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Fylkesutvalet legg til grunn klimaministeren sin uttale i BT 19.august, og føreset at lovendringa vert satt i verk. Under føresetnad av denne lovheimel set fylkesutvalet som krav bruk av låg/nullutslipp. Dersom Stortinget ikkje gjer endringa i loven som klimaministeren har varsla, godtek fylkesutvalet dagens teknologi.»

### **Røysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.  
Oen sitt forslag fekk 7 røyster (V, SV, A) og fall.

### **Vedtak**

Fylkesutvalet godkjenner Tide Buss AS, org.nr 910 500 805, sin søknad av 30.04.19 om ruteløyve for strekninga Bergen – Åsane – Dale – Voss – Vinje – Aurland – Sogndal. Materiellet som vert nytta i rutedrifta skal ha tilgjenge for funksjonshemma, herunder rullestolbrukarar. Fylkesutvalet oppmodar Tide Buss til å nytte mest mogleg miljøvenleg materiell i drifta.